

FULMARUS

MELDINGSBLAD FOR MEDLEMENE I SUNNMØRE RG.

Redaktør : Kjell Mork Soot

NUMMER 25 - 11. MARS 2012



Leukistisk sandlo, Helgoland, Tyskland 21.08.2011. Flaggmerkt Makkevika 10.08.2011. (Foto: Gotthard Krug & Wolfgang Wanders).

SUNNMØRE RINGMERKINGSGRUPPE

Sesongen 2011.

Kjell Mork Soot

Sunnmøre RG er ei av tre ringmerkingsgrupper i Møre og Romsdal. Dei to andre er *Trollheimen RG* og *Nordmøre & Romsdal RG*. Alle er tilknytte OUM (Ornitologiske Undersøkingar, Møre & Romsdal).

I 2011 blei det ringmerkt 23779 fugl fordelt på 120 artar av Sunnmøre RG. Ringmerkingstala varierer sjølvsagt frå år til år og frå ringmerkar til ringmerkar; siste år med variasjon frå 0 til 5311.

Desse ringmerkarane nytta lisensen sin i 2011 (** etter namnet: Var i 2011 med på ringmerkingsarbeidet på Giske OS*): Jostein Fagerhol, Alv Ottar Folkestad, Lars Petter Folkestad*, Petter Folkestad*, Eldar Arne Giske*, Karl Johan Grimstad, Sigurd Arne Hovde, Vegard Aambø Langvatn, Tore Chr. Michaelsen, Stian Moldskred*, Per Steinar Myklebust, Oddvar Olsen, Stein Inge Refvik, Sveinung Remøy*, Tor-Amund Røsberg, Bjarne Røyset, Kjell Mork Soot* og Ole Edvard Torland (Longyearbyen).

I 2011 var desse fangstplassane i drift i lengre periodar:

SUNNMØRE: *Giske kommune* (to stader): Makkevika på Giske (=Giske OS) og Skjongskaret på Valderøy. *Hareid kommune* (tre stader): Grimstadvatnet (CES-prosjektet og vanleg fangstplass) og Hovden. *Ørsta kommune*: Barstadvik. *Ålesund kommune*: Gjerdet.

NORDFJORD: *Selje kommune*: Djupedal. *Eid kommune*: Nordfjordeid.

SVALBARD: Longyearbyen (*Adventsdaldeltaet*), der LoFF-huset er stasjonsbygning. Sjå eige avsnitt om fangsten på Svalbard.

NOKRE KOMMENTARAR TIL RINGMERKINGANE I 2011:

Prosjektartar: Sunnmøre RG prøver å arbeide spesielt mykje med artar det er ringmerkt lite av eller det er få gjenfunn av. Det er svært tidkrevjande å arbeide med fleire av desse artane. Prosjektartar: *smålom, storlom, siland, småvadarar* (med hovudvekt på *sandlo, tundralo, tundrasnipe, dvergsnipe, raudstilk, strandsnipe*), *storspove, teist, skjerpipplerke, sidensvans, blåstrupe, ringtrast og gulsongar*. Dei fleste av desse artane er nemnde spesielt i rapporten på ulike stader.

I 2011 blei ni ungar av *smålom* ringmerkte. Seks av desse blei fanga og ringmerkte i Gloppen kommune, Nordfjord, der Svein Jan Hjelmeset som vanleg var til stor hjelp. (Gruppa har dei siste åra totalt ringmerkt 33 smålom.)

Storlomen hekkar vanlegvis i mykje større vatn enn smålomen, og er derfor vanskelegare å fange. Tre ungar blei ringmerkte i 2011. Ein unge blei ringmerkt i kvar av kommunane Molde, Sykkylven og Dovre. Utanom våre 10 fuglar er berre 6 storlom ringmerkt i heile Noreg gjennom alle år.

Siland: Vi har ein brukbar fangstplass for vaksne silender i Snipsøyrvatnet, Hareid, nærmare bestemt Hovden, der vi fangar om våren med eit spesiallaga nett. Våren 2011 ringmerkte vi berre tre individ. Siste år var det mykje nordavind, som fører til dårlegare fangst. Sørvestleg vind er å foretrekke, for fuglen lettar mot vinden. Når det i tillegg var lite fugl på vatnet, blei sjølvsagt fangstresultatet dårleg. På ti sesongar har vi totalt ringmerkt 106 vaksne silender på vårparten, mest hannar. Beste sesongen var 2007 då 20 fuglar blei ringmerkte. Denne fangstmetoden vil vi halde fram med på same stad i åra framover. Gjenfunn har vi fått overraskande få av, berre eitt, frå

Volda. Kan det tyde på at mange av desse fuglane er standfuglar som held til i sjøen her utanom hekkesesongen? Jakt på siland på sjøen er omtrent fråverande på våre kantar.

Sidensvans: Enkelte ringmerkarar har i fleire år arbeidt systematisk med å lage til fangstplassar for sidensvans viss invasjon skulle oppstå. Og i 2004 fekk vi bevist at fangstmetodane var brukbare. Til saman 1244 sidensvans blei ringmerkte det året. I 2005 gjorde ikkje sidensvansen så mykje ut av seg. Likevel fekk 674 individ ring. Hausten 2006 var arten talrik i Trøndelag og på Nordmøre/Romsdal. På Sunnmøre dukka han opp berre sporadisk og i lite tal i tidsromet 30.oktober til 04.desember. Berre 118 blei ringmerkte. Deretter forsvann han, men dukka opp i brukbare mengder i januar, februar og førstninga av mars 2007, då 566 fuglar blei ringmerkte. Hausten 2007 var omtrent fri for denne arten. Enkelte flokkar blei sporadisk observert. Berre to individ blei ringmerkte, i november. I 2008 dukka arten opp i mindre mengder 27.oktober, sjølv om det var stor invasjon på mange stader i Noreg elles. I resten av den månaden var fangsten bra. Det gjekk suksessivt ned i november. I desember var her nesten heilt tomt. Dei to siste blei siste fanga 11.desember. 314 blei ringmerkte totalt. I 2009 blei berre 27 ringmerkte, nokre få i mars, men dei fleste i oktober. Akkurat det same skjedde som i 2008: Fuglane heldt seg unna Sunnmøre, men opptrådte i til dels gode mengder på Austlandet og Trøndelag. Nøyaktig det same skjedde også hausten 2010. Der var mykje sidensvans over store delar av Noreg, men på Sunnmøre såg vi lite av arten. Det var nokre glimt av arten frå 14. oktober og ut månaden, svært lite seinare. 62 blei då merkte. På vårparten blei omtrent like mange fanga, dei fleste på Hellesylt. I 2011 var det brukbart med sidensvans rundt om i landet. Som vanleg var ikkje Sunnmøre tilgodesett med besøk av så mykje sidensvans, sjølv om vi satsa på å fange mest mogeleg. 66 individ fekk ring. Av desse blei 46 ringmerkte i oktober (frå 15.oktober) og 20 i november. Den siste blei fanga 21.11. I periodar var der brukbart med sidensvans i Trøndelag og på Austlandet. Det ser ut til at i mange år trekker arten over fjella mellom desse områda utan å besøke Nordvestlandet så mykje. Totalt har 5083 sidensvans fått ring av oss gjennom tidene. Viser til gjenfunnsversikt over våre merkingar i «Rallus» 2-2010.

Giske Ornitologiske Stasjon:

Berre seks ringmerkarar jobba på stasjonen vår i 2011 (sjå oversikta lenger framme i rapporten). *Eg oppfordrar fleire av medlemene våre til å setje av litt tid på Giske OS, som er ein av dei få vadarstasjonane i Noreg.* Giske OS er no ikkje lenger definert berre for ringmerking i sjølve Makkevika, men for heile øya Giske.

Vi har frå 2010 begynt med flaggmerking av **sandlo**, **strandsnipe** og **raudstilk**, noko som har auka gjenfunnsprosenten dramatisk. Flaggmerking har vist seg å gi over 20 gongar så mange gjenfunn som vanleg metallring. Dessutan har vi starta opp med fargemerking av skjerpipplerke (februar 2011). I 2012 vil vi også begynne med fargeringmerking av dvergsnipe og flaggmerking av tundralo.

Sandlo og **strandsnipe** har gult flagg med svarte bokstavar på høgre tibia, og raud fargering (markør-ring) på venstre tibia. Metallringen er på venstre tarsus. (Strandsnipe med same kodane er også blitt merkte i Barstadvik og på Hareid) . **Raudstilken** har oransje flagg med svarte bokstavar på høgre tibia, og gul markør-ring på venstre tibia. Metallringen er på venstre tarsus. Ein annan metode som er blitt starta opp siste åra, er fargeringar med inngraverte bokstavar, også på småfugl. På **skjerpipplerke** har vi begynt med den metoden. På høgre tarsus er ein gul fargering med tre svarte, inngraverte bokstavar, på andre foten er metallringen plassert.

Dei som er interessert i å sjå nærmare på fargemerkingprosjekt i Europa, kan gå inn på **Photo-Guide to CR-birds. Italia**. Trykk der på *Species accounts*, og då dukkar det opp ei mengde med latinske og engelske fuglenamn. Med å trykke på dei, kan du sjå foto av mange av fargemerkingprosjekta rundt om i Europa. Også våre prosjekt er komne inn der. Du kan lett fint finne linken til dette ved å gå inn på heimesida vår, www.fugler.com, der Stein Inge Refvik er redaktør.

Talmessig var heller ikkje 2011 var ikkje noko toppår år med tanke på både vadarar og skjerpipelerke, men betydeleg betre enn i 2010. I tillegg sleit vi, som vanleg, i lange periodar med mannskapsmangel. Vi satsa, som åra før, spesielt på *sandlo* når det galdt vadarar, men berre 166 blei merkte, eitt av dei dårlegaste resultatane sidan år 2000. Men flaggmerking av desse gir likevel mange gjenfunn. Heller ikkje *myrsnipe* blei det fanga noko særleg av. 654 fugl av den arten vart resultatet. Ein total på 2169 fugl på Giske OS er ikkje mykje å skryte av, men 800 betre enn året før. Av desse var det 1353 vadarar og 203 *skjerpipelerke*. Det var symptomatisk at vi fekk meir heipipelerke (282) enn skjerpipelerke. Men skjerpipelerke har det vore mindre av dei siste par åra på Giske, kanskje pga mindre fersk tare. *Raudstilken* var det brukbart med først i sesongen. Arten forsvann omtrent totalt i slutten av august. Vanlegvis dukkar rasen *robusta* opp etter at dei «norske» fuglane er borte, men uvanleg få dukka opp i år. Ein art det var store mengder av i 2011, var *brushane*. Det er mange år sidan sist vi har sett noko liknande, og 206 blei ringmerkte. Også *dvergsnipe* var det brukbart med, og 102 fekk ring. *Tundrasnipe* var det også litt meir av, 43 ringmerkte. *Lappspoven* blei det ringmerkt 40 av, etter at arten var omtrent vekke i 2010. *Polarsnipe* blei det fanga 17 av, også der litt framgang. Utanom ovanfor nemnde fuglar var det berre *strandsnipe* (22) som det var to-sifra merkingstal på. Elles blei det av vadarar ringmerkt 8 *tundralo*, 6 *steinvendar*, 5 *enkeltbekkasin*, 3 *heilo*, 2 *tjeld* og 1 individ av *sandløpar*, *grønstilk* og *gluttsnipe*. Ein kan merke seg at storparten av vadarane på Giske er ungfuglar. Vaksne fuglar er nærmast eit særstykke. Av andre meir spesielle artar kan nemnast ein *dvergfalk* som hamna i nettet under vadarjakt, ein *pilfink* og 6 *sivsongar*. Elles blei det ringmerkt 23 *bergirisk*. Dette er ein art som er gått dramatisk tilbake.

Tilstandsrapport og hekkesuksess for enkelte artar i 2011 på Sunnmøre:

Sjøfugl 2011:

Havsvale: Dårleg ver og dårlege ilandstigningsforhold gjorde at ikkje alle koloniar blei besøkte. Likevel blei 10 ungar ringmerkte av Jostein Fagerhol og Oddvar Olsen. Same karane har spesialisert seg på *teist* dei siste åtte sesongane. I 2011 var det svak hekking over alt. Det blei konstatert sporadisk hekking i ti koloniar. Totalt blei 63 ungar ringmerkte. *Makrell- og raudnebbterne* er det lite å sjå av langs Sunnmørskysten no for tida. Desse to artane er heilt tydeleg langt nede i ein bølgedal, utan at vi kan seie grunnen til den enorme tilbakegangen. Men det er nærliggande å tru at det har med næringstilgangen å gjere. Einaste ringmerkinga i 2011 stod Sveinung Remøy for. Han ringmerkte 25 ungar i Haram kommune. Eit sørgjeleg kapittel for to artar som var så vanlege for få år sidan. Både hos *stor-* og *småmåsar* var det brukbar hekking ein del stader, spesielt innanfor kysten, medan ute langs kysten var hekkesuksessen dårleg. Hos fuglefjellsartane var det ein miserabel sesong, frå heiltsvart til nokre få ungar. *Krykkja* produserte null ungar på Runde i 2011. Derimot var det stor hekkesuksess i Ålesund, nær sagt som vanleg. Dessverre var der folk som skaut ned ungar og vaksne med luftgevær. Dei skuldige blei funne, og har fått si straff.

Det ser ut til at det på Runde er nesten berre *havsula* og *storjoen* som klarer seg noko lunde bra i desse kriseåra. Også i 2011 var det eit godt hekkeår for desse artane, men også gravand og ærfugl gjorde det brukbart.

Det er å håpe at den svake hekkesuksessen vi ser hos mange sjøfuglar er forbigåande. Dei er tilpassa dårlege hekkeår, men varer det for lenge, vil det nok gå ut over bestandsstorleiken.

Sporvefuglar:

Han som legg ned mest arbeid med ungemerking i Sunnmøre RG er Bjarte Røyset. I løpet av åra er det blitt ringmerkt mange tusen ungar, mest småfugl. Bjarte har samla inn store datamengder som etter kvart vil bli publiserte "Rallus". Mange av opplysningane under er komne frå Bjarte.

At veret har mykje å seie for hekkinga, er heilt klart kome fram gjennom feltarbeidet gjennom

mange år. Noko anna som blir stadig tydlegare og verkar inn på enkelte artar, er den store framveksten av bjørkeskog, og den svartlista arten platanlønna. Mange av opplysningane under stammar frå ytre strok av Sunnmøre. Kjem vi til indre strok av fylket, er sommarveret ofte betre, med dertil større hekkesuksess, skulle ein tru. Men mykje er nok likt.

Heiplierka går tilbake mange stader, i alle fall i låglandet. Og det har gått fort. Tilgroing og rasering / tørrlegging av myrar spelar sikkert inn. På Hareid, er det no så tilgrodd at heiplierka sjeldan blir konstatert hekkande i låglandet. Derimot såg det ut til at det var eit godt hekkeår i fjellet. Etter fleire år i tilbakegang, verkar det som **jernsporven** hadde ein brukbar sesong, sjølv om bestanden er liten i forhold til 1970- og 1980-åra.. Fenomenet **gjerdesmett** og kalde vintrar er godt kjent. Dei langvarige og svært kalde vintrane 2009/2009 og 2010/2011, desimerte arten betydeleg. Det var svært få par som hekka sommaren 2011. Hekkebestanden av **svarttrast** har auka mykje dei siste åra. Bestanden i 2011 var på same høge nivået som dei siste åra. Også **måltrasten** hadde ein god hekkesesong. **Raudvengtrasten** er no nesten vekke som hekkefugl, av ukjend grunn. Og det har gått fort. Nokre svært få hekkepar blei påviste. Same tendensen har vi sett hos gråtrasten gjennom mange år. **Raudstrupen** hadde eit kanonår i 2011. Det var den mestmerkte arten i 2011 med over 2000 fugl. **Buskskvetten** er ein art som bekymrar oss. Arten ser ut til å gå sakte, men sikkert, tilbake. Av denne før så vanlege hekkefuglen er det få par att. Sjølv om ein del opne område har vakse til med skog, så er ofte arten ikkje å finne på typiske hekkeplassar heller. Også **staren** er ein annan bekymringsart. På faste hekkeplassar gjennom mange år, har fuglen heilt forsvunne eller er kraftig desimert. Dette har gått veldig fort. Kva er det som skjer med denne arten ? Få par hekka f.eks. på Hareid siste sesong, av denne tidlegare så vanlege og kjære arten. I 2007 hadde **lauvsongaren** ein god hekkesesong. Året etter var den mest miserable sesongen vi veit om, i alle fall på Ytre Sunnmøre. I 2009 hadde arten tydelegvis ein brukbar hekkesesong, men det er langt fram til dei gode forekomstane vi hadde i 1970-åra. Nokon positiv effekt av god hekkesesong i 2009, kunne vi ikkje merke i 2010, derimot synest arten å ha hatt ein brukbar hekkesesong i 2011. Arten varierer kraftig i tal og hekkesuksess, i alle fall i ytre strok. *Veret, spesielt i juni, er avgjerande for hekkesuksessen. Periodar med mykje nedbør, vind og temperatur under 6 grader fører til massedød av ungar hos f.eks. lauvsongar, svartkvit flugesnappar, gråflugesnappar, kjøtmeis og blåmeis. Kjem vi lenger inn i fjordane, er ofte veret mindre ekstremt ; temperaturen er høgare, vinden er svakare og nedbøren er ofte mindre.* **Gransongaren** ser ut til å halde seg på det normale, med jamn bestand gjennom fleire år. **Gulsongaren** hadde i 2007 eit kanonår med tanke på hekkinga. 2008 var mislukka. I 2009 var det uvanleg mange gulsongarar som hevda revir, og hekkesesongen såg ut til å vere god. Same biletet var det i 2010. I 2011 var her mykje fugl som gjekk til hekking, men hekkesuksessen var dårleg. **Munken** har auka dei siste åra. Arten profiterer nok på gjengroinga med tett undervegetasjon . I 2011 var arten ikkje så vanleg som året før, men bestanden er god. **Svartkvit flugesnappar:** Hekkebestanden er ganske liten no, i alle fall i ytre strok, etter fleire dårlege sommarar med kaldt, vindfullt og fuktig ver og dertil dårleg hekkesuksess.. **Gråflugesnappar** hadde betre hekkesuksess i 2011 enn på fleire år. Hos **kjøtmeisa** og **blåmeisa** fekk ein i 2011 tydeleg sjå at dårleg ver (regn, vind) i hekkeperioden verkar klart negativt på desse artane. Men varmare ver enn vanleg i regnperiodane gjorde sitt til at fleire kull likevel kom seg på vengane. Sist haust var det stort innsig av begge artane frå andre stader. **Granmeisa** og **lauvmeisa** er nede i ein bølgedal no for tida, sjølv om teikn kan tyde på litt oppgang hos lauvmeisa. Ein av dei få artane som vanlegvis ser ut til å ha ei jamn, vellukka hekking kvart år, er **spettmeisa**. I 2011 blei likevel fleire kull funne daude. Det er uvanleg hos den arten. **Stjertmeisa** er på veg opp igjen, etter at ho har vore på eit lavmål i mange år. Teorien vår er at området er blitt tømt pga emigrasjon aust- og søraustover i spesielle år. Ringmerking har vist det. Desse fuglane har tydelegvis ikkje vendt tilbake, og det tek tid å byggje opp att bestanden. 2010-sesongen var svært god. I 2011 var bestanden endå betre. Er tida snart inne for emigrasjon igjen ?

Av typiske frøetarar har det vore mindre hekking av **gråsisik / brunsisik** dei siste sesongane. Toppåret var 1994, som var det største hekkeåret av gråsisik/brunsisik på Sunnmøre nokon sinne. Etter det har hekkebestanden suksessivt minka, spesielt etter tusenårsskiftet. 2011 verka derimot å

vere positiv med brukbar hekkesuksess. Hos *grønsisiken* gjekk mange til hekking, men hekkesuksessen var relativt dårleg i 2011. Det verkar også som om *grønfinken* har gått tilbake siste åra som hekkefugl. 2011 var ingen unntak. *Dompapen* hadde ein god hekkesesong i 2011, som året før.

Mesteparten av den ornitologiske aktiviteten på Sunnmøre foregår ute ved kysten. For å danne seg eit bilete av om det er forskjell på hekkesuksess, artsvariasjon mm i ytre strok og indre strok på Sunnmøre, har Tore Chr. Michaelsen, Sveinung Remøy, Tor-Amund Røsberg og Karl Johan Stadsnes sett i gang med kasseprosjekt/hekkefuglprosjekt i kommunane Norddal, Stordal og Ørskog. Dessutan har dei også begynt med fangst på foringsplass der, med til dels godt resultat. Det skal bli spennande å sjå kva resultat dei kan oppnå inne i fjordbygdene.

Ringmerkingar av meir sjeldne merkeartar:

Vi prøver å legge ned mykje arbeid på artar som det er ringmerkt lite av eller det er få gjenfunn av (sjå lenger framme). *Ringtrasten* er ein art vi etter kvart vil satse meir på, men det er ein utruleg vanskeleg og tidkrevande art å arbeide med. I 2011 blei ingen ungar ringmerkte. Det er ein art som vi enno ikkje klart å knekke koden for fangst på. Kunnskapen om trekkforholda til denne arten må seiast å vere mangelfull nasjonalt. Ein annan art vi fekk for lite tid til i 2011 var *blåstrupen*. Berre 4 blei ringmerkte. *Gulsongaren* er ein art vi brukar litt tid på. 76 vaksne blei ringmerkte i 2011. Fleire mann har begynt jobbe med arten i rugetida. *Gulbrynsongar* var det uvanleg mykje av i 2011. Under fangsten blei det ofte brukt lyd, og 65 blei ringmerkte. På Selje blei 5 fanga, på Hareid 23 og i Barstadvik 37. Første fuglen blei fanga 13.09, og den siste 13.10. Topp fangstdagar var den 24. 09 med 10 ringmerkte og den 30.09 med 15 fanga. Elles blei 21 *grashoppesongarar* ringmerkte på Sandsøya og Voksa i Sande kommune. I tillegg blei tre grashoppesongarar ringmerkte i Giske kommune. Av andre meir uvanlege ringmerkingsartar var *pilfink* (1 individ på Giske OS). Vi bør merke oss at ein pilfink året før blei ringmerkt i Barstadvik. Er arten i framgang igjen etter å ha vore vekke fullstendig i eit par ti-år? To *bøksongar* blei fanga (Hovden på Hareid og Barstadvik). Året før blei eitt individ fanga i Hovden. *Hauksongar*, blei det fanga 12 av, 7 i Barstadvik og 5 på Hareid. Første fuglen blei fanga 27.07 og den siste 08.09. Storparten av fuglane blei fanga i siste veka av august og første veka av september. Som elles i Noreg var her bra med *sporveugle* og *varslar*. Vi ringmerkte 4 av begge artane. Elles må nemnast at for første gong på over 30 år blei ein *vendehals* fanga på Hareid. Arten forsvann som hekkefugl der i 1970-åra.

Vi hadde ingen nye ringmerkingsartar for gruppa i 2011. Det same skjedde i 2010 for første gong. Gjennom tidene har gruppa ringmerkt 230 artar. 119 blei ringmerkt i 2011, mot 120 året før.

CES-prosjektet:

Ringmerkingsentralen ivrar for at CES-Norge skal kome godt i gang her i landet også. Alf-Tore Mjøs er leiar for dette, og han meiner at CES-prosjektet etter kvart vil bli det viktigaste overvåkingsprogrammet for fugl i Noreg.

2008: Ved Grimstadvatnet, Hareid blei CES-prosjektet starta opp 01. mai. Første fuglen vi fekk, var ein raudstrupe. Berre 122 ulike individ blei fanga inn. 14 av desse hadde ring frå før. Totalt blei 19 artar fanga inn. Fangsten spegla tydeleg av den elendige hekkesesongen. Frå slutten av juli hadde vi venta mange utflogne ungfuglar, men desse glimra med sitt fråver. Elendigaste fangstperiodane var faktisk dei siste fire ti-dagars fangstperiodane (frå 21. juli og ut august.). Der fekk vi tydeleg bevist at hekkesesongen 2008 var svært dårleg for mange av småfuglartane våre. "Vinnaren" i 2008 var faktisk raudstrupen, som hadde ein god hekkesesong.

2009: Dette året blei 24 artar fanga inn, fem fleire enn året før. Hekkesesongen var tydeleg betre enn i 2008. M.a. rugde, ringdue og stjertmeis var nye i prosjektet vårt. Fangsten var om lag som året før dei åtte første ti-dagarsperiodane. Siste perioden i juli og dei tre i august hadde vi venta god

fangst no som ungane var blitt sjølvstendige og begynte å streife rundt. Dette slo ikkje til . Fangsten var like dårleg som i 2008. Kan det vere at netta står i ganske høg bjørkeskog og at fuglen av den grunn går over netta? 127 ulike individ blei fanga inn, med raudstrupe som dominerande art.

2010: 20 artar fanga inn var sluttresultatet dette året. Nye artar for CES-Grimstadvatnet blei trekrypar, linerle og hagesongar. Totalt er no 32 artar fanga inn i prosjektet. Som vanleg var raudstrupen den dominerande arten, med svarttrast som ein god nummer to. Deretter kom kjøtmeis, bokfink og lauvsongar. 107 ulike individ blei fanga inn, det dårlegaste fangstresultatet i løpet av desse tre åra. Fangsten i slutten av juli og i august var dårleg også dette året. Det ser ut til å vere eit mønster der. Ungfuglane dreg tydelegvis vekk frå hekkeområdet, og gamlefuglane begynner mytinga, og er sikkert mindre aktive under den perioden.

2011: Berre 19 artar blei fanga inn, men totalt blei det ringmerkt 131 fugl, det beste nokon gong. Den heilt dominerande arten var som åra før, raudstrupe, med 37 ringmerkte. På andre plass svarttrast, også som året før. Deretter kom bokfink, kjøtmeis, lauvsongar og måltrast. 146 ulike individ blei fanga inn, dvs. 15 hadde ring frå før. Som vanleg var det i dei tre tidagars-periodane i august lite fangst. Biletet denne fangsten ga, speglar seg igjen i totalfangsten til Sunnmøre RG. I CES-området var nesten 1 av 3 fanga fuglar raudstrupe. Over 2000 blei fanga av den arten.

Ringmerkarane som driv CES- prosjektet er Bjarte Røyset, Stian Moldskred og Kjell Mork Soot. Ein treng minst to-tre mann, slik at ein har mannskap nok i kvar ti-dagars periode frå mai og ut august. *Er det nokon som kan stille som "reserve" ved Grimstadvatnet, er vi svært interesserte i å få eit hint om dette allereie no.*

CES-prosjektet ved Grimstadvatnet kan du finne omtalt i "Rallus" nr. 2-2008, 3-2010 og 2-2011.

Elles er det omtala på heimesida vår www.fugler.com .

SVALBARD:

Longyearbyen Feltbiologiske Forening (LoFF) har i 2007, 2009 og 2011 stått ansvarleg for ekspedisjonar til Sørkappøya på Svalbard. Elles er merkeinnsatsen avgrensa til Longyearbyen (Adventsdaldeltaet).

Fuglane som er ringmerkte av medlemmer i LoFF er rekna med under Sunnmøre RG sine merkingar, sidan der ikkje er eiga ringmerkingsgruppe på Svalbard. Dette for å ha betre oversikt over arbeidet som blir gjort.

2007 (01-09. september): Tre mann dreiv med trekkobservasjonar på Sørkappøya heile tida (Georg Bangjord , Arild Espelien og Oddvar Hagen), medan to frå Sunnmøre RG (Sigurd Arne Hovde og Kjell Mork Soot) dreiv med fangst og ringmerking, der vi satsa spesielt på fjøreplytt. Christiaane Hübner og Per Krokan, begge frå Longyearbyen, var med under opplæring. Ringmerkingsresultat: 802 fjøreplytt, 7 sandløpar, 2 myrsnipe, 1 sandlo, 1 steinvendar, 4 raudnebbterne og 1 snøsporv, Totalt 818 fugl, som er rekna med under Sunnmøre RG sine ringmerkingar. Dei første to fuglane frå 2007, blei rapporterte i 2010, då vi sjølve fanga desse i Longyeaerbyen, ca. 200 km lenger nord.

2009 (To periodar på Sørkappøya) : 05.juli-25.september observasjonar og ringmerking av Ola Nordsteien og Kjetil Sigvaldsen. 04-09. oktober trekkobservasjonar utført av Georg Bangjord og Arild Espelien, medan to frå Sunnmøre RG (Stian Moldskred og Kjell Mork Soot) stod for fangst og ringmerking. I første perioden blei ringmerkt 525 fjøreplytt, 3 myrsnipe, 1 polarsnipe, 2 sandløpar, 11 sandlo, 5 polarsvømmesnipe, 20 steinvendar, 26 raudnebbterne, 3 tjuvjo, 1 krykkje og 25 snøsporv. I oktober blei 140 fjøreplytt ringmerkte i løpet av to dagar.

Alle fjøreplyttane fekk på høgre tibia oransje flagg med tre inngraverte bokstavar + ein gul fargering på venstre tibia. Metallringen vart plassert på venstre fot. Ekspedisjonsdeltakarane for periode to venta i ei veke på kystvaktskipet "Nordkapp" i Longyearbyen. Stian og underteikna fanga fjøreplytt i Adventsdaldeltaet medan vi venta. 99 blei ringmerkte, men dessverre hadde vi

ikkje flagg tilgjengeleg. Flagg gir nærmare 20 gongar fleire gjenfunn enn berre vanleg metallring. Dette ser vi på gjenfunna, som vel knapt hadde gitt resultat berre med metallring . Desse gjenfunna viser noko heilt nytt: Ein stor del av fjøreplyttane ser ut til å dra over land til Bottenvika og Østersjøen når dei kjem inn til kysten av Nordishavet. Vidare derifrå spreier dei seg til Danmark, sørkysten av Sverige, Nederland, kanskje endå lenger sørover. Ein del av fuglane langs norskekysten er også Svalbardfuglar.

2010: Stian Moldskred og underteikna kom til Longyearbyen 28.mai. Vi blei mottekne av Bjørn Frantzen på flyplassen. Der var brukbart med fjøreplytt i Adventsdaldeltaet, om lag 950 på beste dagen. Fangsten var derimot dårleg første dagane. 13 ruser og ni nett var i bruk. Vi brukte same lyd som med godt resultat var brukt på Sørkappøya i to år, men lyden fungerte ikkje noko særleg. Vi hadde fått med ein ny mann på laget, Ole Edvard Torland, som bor i Longyearbyen, men opphavelig ver frå Mandalskanten. Han jobbar som sikkerheitsvakt på flyplassen., og var ofte i fritida med på fangsten. Plutseleg ein dag sa han at han hadde opptak av furasjeringslyd av fjøreplytt. Straks blei slik lyd prøvd. Etter justering av den lyden, fungerte han svært bra, og fangsten tok seg kraftig opp. Stian reiste heim 06. juni, medan underteikna var der fire dagar til. Ole Edvard vart drillla kraftig med ringmerking og fangst, og tok over då han vart åleine igjen. Han gjorde ein kjempejobb. Underteikna kom tilbake til Longyearbyen 26. august og var der til 13. september. Ole Edvard heldt fram med fangsten til 25. september. Han er no medlem av Sunnmøre RG. Vi har annan farge på flagg og markør-ring enn på Sørkappøya. Fargen i Longyearbyen er lysegrønt flagg med svarte bokstavar, og oransje markør-ring. Vi brukte opp alle dei 1274 flagga vi hadde. Sist i perioden ringmerkte vi berre med metallring. 317 fekk slikt utstyr. Totalt blei 1580 fjøreplytt ringmerkte . Andre ringmerkingsarter var ærfugl 2, sandlo 5, myrsnipe 69 (av desse 13 ungar), svømmesnipe 1, polarsvømmesnipe 4 (ungar), heilo 3 (ungar), polarmåse 1 (unge), tjuvjo 1 (unge), gråsisik 1, snøsporv 3 (av desse to ungar). Totalt blir dette 1669 ringmerkte fuglar Longyearby-området. Ole Edvard stod for alle merkingane av ungar.

2011: Iskallen (tjukk is langs breiddene av Adventsfjorden) får ta skulda for dårleg fangstresultat i mai-juni 2011. På fangstplassen gikk vi laus på iskappa med øks og spett, og seinere med motorsag, men dessverre, fangstforholda var så dårlege at berre 127 blei flaggmerkte (31. mai -13. juni). Dei vanskelege fangstforhold gjorde at vi istaden brukte meir tid til å lese av flagg . Nærmare 700 flagg fra 2010 blei avlesne, fordelt på nesten 300 individ. To fuglar fra Sørkappøya 2009 blei avlesne, og ein skotskmerket og en svensk (fra Nidingen). Ein fugl tilhørende Elin Pierce i 1990-åra blei også sett fleire gongar

Ole Edvard Torland hadde store planar for sesongen, men ein sjukdomsdiagnose øydela for han. I løpet av juli flaggmerkte han 47 fjæreplytt. Den 16. og 17 august flaggmerkte underteikna 177 plyttar. Fangsten ble så avbroten til fordel for ein tur til Sørkappøya (deltakarar: Georg Bangjord, Arild Espelien og underteikna). Den turen var ikkje så vellykka på grunn av elendige verforhold (sterk vind, mykje nedbør og ofte skodde). Det blei flaggmerkt berre 99 individ i løpet av fem fangstdagar (20-24. august). Det kan her nemnast at ein fjøreplytt flaggmerkt på Sørkappøya 22. august, blei fanga inn i Longyearbyen 06. september. Dette skulle kunne vise Adventsdaldeltaet sin unike posisjon. Fangsten heldt fram i to periodar pr. døgn etter tilbakekomst til Longyearbyen til underteikna reiste den 12. september. I perioden 15.september til 02. oktober flaggmerkte Ole Edvard Torland 146 på fem fangstdager. Totalt blei det siste år flaggmerkt 1181 fjæreplytt. Vi hadde håpa på meir, men iskallen om våren, elendige fangstforhold på Sørkappøya, og Ole Edwards sjukdom førte til mindre fangst enn forventa.

Gjenfunnsresultat hittil av fjøreplytt (fjernfunn av 76 ulike individ utanfor Svalbard): Noreg (fastlandet) 19, Finland 6, Sverige 13, Danmark 13, Tyskland 10, Nederland 6, Skottland 2, England 7. I tillegg kjem 5 observasjonar på over 100 km på Svalbard.

Andre artar:

LoFF starta opp med flaggmerking av *myrsnipe* i 2011. Iskallen om våren ødela mykje der også. Berre 12 individ blei flaggmerkte. Likevel blei 1 fugl observert i England i september. Dette er første funn nokon sinne i utlandet av Svalbardmyrsniper. Det kan bemerke at vi har fanga inn ei fargeringmerkt myrsnipe i Makkevika for mange år sidan som var merkt på Svalbard, men data er førebels ikkje å oppdrive.

Av andre vadarar blei 2 *sandløpar* og 1 *steinvendar* ringmerkt.

Snøsporv: det blei eksperimentert med lydfangst . 20 blei ringmerkt.

Polarmåse: Ole Edvard la ned mykje tid på å fange polarmåsar for fargeringmerking (svarte ringar med kvit skrift). 22 blei ringmerkte. Han er ikke heilt fornøgd med resultatet.

Det kan her nemnast at LoFF har fått løyve av IWSG (International Wader Study Group) til å flaggmerke sandlo frå 2012, også ein art der vi har null kjennskap til trekkforholda. Dei resterande oransje flagga og dei gule markør-ringane frå Sørkappøya vil bli brukte .

RINGMERKT AV SUNNMØRE RINGMERKINGSGRUPPE I 2011

Art	Tidlegare ringm.	Pull 2011	Fg. 2011	Giske OS	Svalbard	Tils. 2011	Totalt
Smålom <i>Gavia stellata</i>	24	9	-	-	-	9	33
Storlom <i>Gavia arctica</i>	7	3	-	-	-	3	10
Havsvale <i>Hydrobates pelagicus</i>	6358	10	26	-	-	36	6394
Stormsvale <i>Oceandr. leucorhoa</i>	37	-	1	-	-	1	38
Havsule <i>Sula bassana</i>	297	-	3	-	-	3	300
Gråhegre <i>Ardea cinerea</i>	2569	-	2	-	-	2	2571
Siland <i>Mergus serrator</i>	161	-	3	-	-	3	164
Havørn <i>Haliaeetus albicilla</i>	651	20	-	-	-	20	671
Hønehauk <i>Accipiter gentilis</i>	423	7	2	-	-	9	432
Sporvehauk <i>Accipiter nisus</i>	249	-	5	-	-	5	254
Kongeørn <i>Aquila chrysaetos</i>	14	-	1	-	-	1	15
Dvergfalk <i>Falco columbarius</i>	120	-	-	1	-	1	121
Tårnfalk <i>Falco tinnunculus</i>	29	-	1	-	-	1	30
Storfugl <i>Tetrao urogallus</i>	15	-	1	-	-	1	16
Tjeld <i>Haematopus ostralegus</i>	1868	20	-	2	-	22	1890
Sandlo <i>Charadrius hiaticula</i>	8872	-	-	166	-	166	9038
Heilo <i>Pluvialis apricaria</i>	313	-	-	3	-	3	316
Tundralo <i>Pluvialis squatarola</i>	187	-	-	8	-	8	195
Vipe <i>Vanellus vanellus</i>	779	8	-	-	-	8	787
Polarsnipe <i>Calidris canutus</i>	469	-	-	17	-	17	486
Dvergsnipe <i>Calidris minuta</i>	5362	-	-	102	-	102	5464
Sandløpar <i>Calidris alba</i>	238	-	-	1	2	3	241
Tundrasnipe <i>Cal. ferruginea</i>	1124	-	-	43	-	43	1167

Art	Tidlegare ringm.	Pull 2011	Fg. 2011	Giske OS	Svalbard	Tils. 2011	Totalt
Fjøreplytt <i>Calidris maritima</i>	3239	-	-	5	1178	1183	4422
Myrsnipe <i>Calidris alpina</i>	27804	-	-	654	12	666	28470 (6)
Brushane <i>Philomach. pugnax</i>	2146	-	-	206	-	206	2352
Rugde <i>Scolopax rusticola</i>	110	-	3	-	-	3	113
Enkeltbekkasin <i>G. gallinago</i>	1123	-	2	5	-	7	1130
Lappspove <i>Limosa lapponica</i>	404	-	-	40	-	40	444
Storspove <i>Numenius arquata</i>	423	22	-	-	-	22	445
Raudstilk <i>Tringa totanus</i>	1254	-	-	71	-	71	1325
Grønstilk <i>Tringa glareola</i>	14	-	-	1	-	1	15
Gluttsnipe <i>Tringa nebularia</i>	15	-	-	1	-	1	16
Strandsnipe <i>Actitis hypoleucos</i>	901	9	-	22	-	31	932
Steinvendar <i>Arenaria interpres</i>	471	-	-	6	1	7	478
Storjo <i>Stercorarius skua</i>	338	41	-	-	-	41	379
Fiskemåse <i>Larus canus</i>	10776	31	1	-	-	32	10808
Gråmåse <i>Larus argentatus</i>	7262	11	7	-	-	18	7280
Polarmåse <i>Larus hyperboreus</i>	169	-	-	-	22	22	191
Svartbak <i>Larus marinus</i>	6322	24	1	-	-	25	6347
Krykkje <i>Rissa tridactyla</i>	29321	110	152	-	-	262	29583 (5)
Makrellterne <i>Sterna hirundo</i>	1445	25	-	-	-	25	1470
Alkekonge <i>Alle alle</i>	13	-	1	-	-	1	14
Teist <i>Cephus grylle</i>	2037	63	-	-	-	63	2100
Ringdue <i>Columba palumbus</i>	40	-	1	-	-	1	41
Gauk <i>Cuculus canorus</i>	30	1	-	-	-	1	31
Sporveugle <i>Glaucid . passerinum</i>	12	-	4	-	-	4	16
Perleugle <i>Aegolius funereus</i>	57	-	1	-	-	1	58
Kattugle <i>Strix aluco</i>	1786	13	4	-	-	17	1803
Tårnseglar <i>Apus apus</i>	45	2	1	-	-	3	48
Vendehals <i>Jynx torquilla</i>	158	-	1	-	-	1	159
Gråspett <i>Picus canus</i>	24	-	1	-	-	1	25
Flaggspett <i>Dendrocopus major</i>	168	-	9	-	-	9	177
Kvitryggspett <i>Dendr. leucotos</i>	43	-	1	-	-	1	44
Dvergspett <i>Dendrocopus minor</i>	44	-	1	-	-	1	45
Sandsvale <i>Riparia riparia</i>	2613	1	410	9	-	420	3033
Låvesvale <i>Hirundo rustica</i>	19838	10	344	59	-	413	20251 (9)
Taksvale <i>Delichon urbica</i>	782	-	1	-	-	1	783
Songlerke <i>Alauda arvensis</i>	164	-	-	2	-	2	166
Trepiplerke <i>Anthus trivialis</i>	1075	-	7	-	-	7	1082
Heiplierke <i>Anthus pratensis</i>	22631	5	90	282	-	377	23008 (8)
Skjærpiplerke <i>Ant. petrosus</i>	10842	-	1	203	-	204	11046
Linerle <i>Motacilla alba</i>	4831	15	63	47	-	125	4956
Sidensvans <i>Bombyci. garrulus</i>	5017	-	66	-	-	66	5083
Fossefall <i>Cinclus cinclus</i>	7525	-	9	-	-	9	7534
Gjerdsmett <i>Tro. troglodytes</i>	5753	-	72	-	-	72	5825

Art	Tidlegare ringm.	Pull 2011	Fg. 2011	Giske OS	Svalbard	Tils. 2011	Totalt
Jernsporv <i>Prunella modularis</i>	9851	2	207	-	-	209	10060
Raudstrupe <i>Eritha. rubecula</i>	15321	-	2036	-	-	2036	17357
Blåstrupe <i>Luscinia svecica</i>	4375	-	3	1	-	4	4379
Raudstjert <i>Ph. phoenicurus</i>	589	7	4	-	-	11	600
Buskskvett <i>Saxicola rubetra</i>	1915	-	33	5	-	38	1953
Steinskvett <i>Oenant. oenanthe</i>	520	-	2	9	-	11	531
Svartrast <i>Turdus merula</i>	10192	51	735	1	-	787	10979
Gråtrast <i>Turdus pilaris</i>	8463	25	77	-	-	102	8565
Måltrast <i>Turdus philomelos</i>	4093	40	184	-	-	224	4317
Raudvengtrast <i>Turdus iliacus</i>	24602	5	385	1	-	391	24993 (7)
Grashoppesongar <i>Loc. naevia</i>	22	-	24	-	-	24	46
Rørsongar <i>Acroc. scirpaceus</i>	52	-	2	-	-	2	54
Sivsongar <i>Acro. schoebaenus</i>	646	-	34	6	-	40	686
Gulsongar <i>Hippolais icterina</i>	808	-	76	-	-	76	884
Hauksongar <i>Sylvia nisoria</i> ,	57	-	12	-	-	12	69
Møller <i>Sylvia curruca</i>	174	-	5	-	-	5	179
Tornsongar <i>Sylvia communis</i>	1118	-	47	10	-	57	1175
Hagesongar <i>Sylvia borin</i>	1047	3	96	-	-	99	1146
Munk <i>Sylvia atricapilla</i>	9648	3	1442	-	-	1445	11093
Gulbrynsongar <i>Ph. inornatus</i>	93	-	65	-	-	65	158
Bøksongar <i>Phyll. sibilatrix</i>	7	-	2	-	-	2	9
Lauvsongar <i>Phyll. trochilus</i>	57589	-	1924	39	-	1963	59552 (2)
Gransongar <i>Phyllos. collybita</i>	4624	-	620	-	-	620	5244
Fuglekonge <i>Regulus regulus</i>	11767	-	215	-	-	215	11982
Gråflugesnappar <i>Musc. striata</i>	1219	12	39	-	-	51	1270
Svartkvit fl.sn. <i>F. hypoleuca</i>	12942	365	38	-	-	403	13345
Stjertmeis <i>Aegithal. caudatus</i>	3107	11	101	-	-	112	3219
Lauvmeis <i>Parus palustris</i>	2087	20	66	-	-	86	2173
Granmeis <i>Parus montanus</i>	5040	18	71	-	-	89	5129
Svartmeis <i>Parus ater</i>	1762	56	101	-	-	157	1919
Blåmeis <i>Parus caeruleus</i>	11841	219	942	-	-	1161	13002
Kjødmeis <i>Parus major</i>	30925	812	1007	-	-	1819	32744(4)
Spettmeis <i>Sitta europaea</i>	2096	98	79	-	-	177	2273
Trekrypar <i>Certhia familiaris</i>	789	5	27	-	-	32	821
Varslar <i>Lanius excubitor</i>	18	-	4	-	-	4	22
Nøtteskrike <i>Garr. glandarius</i>	63	-	5	-	-	5	68
Skjor <i>Pica pica</i>	385	-	4	-	-	4	389
Kråke <i>Corvus corone cornix</i>	1976	8	-	-	-	8	1984
Stare <i>Sturnus vulgaris</i>	10874	28	129	89	-	246	11120
Gråsporv <i>Passer domesticus</i>	6875	-	314	22	-	336	7211
Pilfink <i>Passer montanus</i>	55	-	-	1	-	1	56
Bokfink <i>Fringilla coelebs</i>	10303	-	655	1	-	656	10959
Bjørkefink <i>Fr. montifringilla</i>	12451	-	208	-	-	208	12659
Grøn fink <i>Carduelis chloris</i>	51074	8	1722	5	-	1735	52809(3)

Art	Tidlegare ringm.	Pull 2011	Fg. 2011	Giske OS	Svalbard	Tils. 2011	Totalt
Grønsisik <i>Carduelis spinus</i>	18188	-	1225	-	-	1225	19413(10)
Bergirisk <i>Card. flavirostris</i>	6257	-	23	23	-	46	6303
Gråsisik , <i>Carduelis flammea</i>	75869	5	1058	-	-	1063	76932 (1)
Brunsisik <i>Carduelis cabaret</i>	5099	-	387	-	-	387	5486
Dompap <i>Pyrrhula pyrrhula</i>	4979	-	244	-	-	244	5223
Rosenfink <i>Carpoda. erythrinus</i>	16	-	2	-	-	2	18
Kjernebiter <i>C. coccothraustes</i>	41	-	2	-	-	2	43
Snøsporv <i>Plectrophen. nivalis</i>	122	-	-	-	20	20	142
Gulsporv <i>Emberiza citrinella</i>	509	-	14	-	-	14	523
Sivsporv <i>Ember. schoeniclus</i>	7125	4	114	-	-	118	7243
Totalt 230 artar, (120 artar i 2011):	698316	2265	18110	2169	1235	23779	722095

Tidlegare ringmerkt : **Dvergdukkar** *Tachybaptus ruficollis* 1, **horndukkar** *Podiceps auritus* 1, **havhest** *Fulmarus glacialis* 5021, **havlire** *Puffinus puffinus* 1, **toppskarv** *Phalacrocorax aristotelis* 16364, **storskarv** *Phalacrocorax carbo* 3, **krabbehegre** *Butorides striatus* 1, **knoppsvane** *Cygnus olor* 3, **songsvane** *Cygnus cygnus* 31, **kortnebbgås** *Anser brachyrhynchus* 2, **tundragås** *Anser albifrons* 1, **grågås** *Anser anser* 14, **gravand** *Tadorna tadorna* 19, **stokkand** *Anas platyrhynchos* 118, **brunnakke** *Anas penelope* 10, **krikkand** *Anas crecca* 68, **toppand** *Aythya fuligula* 2, **bergand** *Aythya marila* 1, **kvinand** *Bucephala clangula* 12, **ærfugl** *Somateria mollissima* 49, **havelle** *Clangula hyemalis* 4, **laksand** *Mergus merganser* 1, **steppehauk** *Circus macrourus* 1, **fjellvåk** *Buteo lagopus* 165, **musvåk** *Buteo buteo* 3, **myrhauk** *Circus cyaneus* 22, **fiskeørn** *Pandion haliaetus* 1, **vandrefalk** *Falco peregrinus* 45, **lerkefalk** *Falco subbuteo* 1, **jaktfalk** *Falco rusticolus* 4, **lirype** *Lagopus lagopus* 2, **orrugl** *Tetrao tetrix* 3, **Hybrid**, *T. tetrix* X *T. urogallus* 1, **vaktel** *Coturnix coturnix* 1, **vassrikse** *Rallus aquaticus* 18, **fasan** *Phasianus colchicus* 42, **åkerrikse** *Crex crex* 13, **myrrikse** *Porzana porzana* 2, **sivhøne** *Gallinula chloropus* 9, **sothøne** *Fulica atra* 1, **trane** *Grus grus* 1, **dverglo** *Charadrius dubius* 1, **boltit** *Charadrius morinellus* 8, **temmincksnipe** *C. temminckii* 25, **fjellmyrløpar** *Limicola falcinellus* 7, **alaskasnipe** *Calidris melanotos* 2, **rustsnipe** *Tryngites subruficollis* 1, **kvartbekkasin** *Lymnocyptes minimus* 428, **dobbeltbekkasin** *Gallinago media* 4, **småspove** *Numenius phaeopus* 56, **svarthalespove** *Limosa limosa* 12, **sotsnipe** *Tringa erythropus* 9, **skogsnipe** *Tringa ochropus* 6, **svømmesnipe** *Phalaropus lobatus* 22, **polarsvømmesnipe** *Phalaropus fulicarius* 9, **tjuvjo** *Stercorarius parasiticus* 68, **hettemåse** *Larus ridibundus* 589, **sildemåse** *Larus fuscus* 692, **grønlandsmåse** *Larus glaucoies* 1, **raudnebbterne** *Sterna paradisaea* 2520, **turner-** *S. hirundo/paradisaea* 4, **lunde** *Fratercula arctica* 3134, **lomvi** *Uria aalge* 2973, **alke** *Alca torda* 346, **bydue** *Columba livia* var. *domesticus* 51, **tyrkerdue** *Streptopelia decaocto* 6, **skjæregjøk** *Clamator glandarius* 1, **hubro** *Bubo bubo* 2, **snøugle** *Nyctea scandiaca* 1, **haukugle** *Surnia ulula* 19, **hornugle** *Asio otus* 28, **jordugle** *Asio flammeus* 23, **grønspett** *Picus viridis* 11, **tretåspett**, *Picoides tridactylus* 1, **dverglerke** *Calandrella brachydactyla* 1, **fjellerke** *Eremophila alpestris* 2, **Hybrid** *H. rustica* x *D. urbica* 3, **tartarpiplerke** *Anthus novaeseelandiae* 1, **lappiplerke** *Anthus cervinus* 4, **gulerle** *Motacilla flava* 244, **vintererle** *Motacilla cinerea* 3, **nattergal** *Luscinia luscinia* 1, **svartraudstjert** *Phoenicurus ochruros* 1, **svartstrupe** *Saxicola torquata* 71, **ringtrast** *Turdus torquatus* 259, **taigatrost** *Turdus ruficollis* 1, **starrsongar** *Locustella certhiola* 1, **myrsongar** *Acrocephalus palustris* 13, **elvesongar** *Locustella fluviatilis* 2, **busksongar** *Acrocephalus dumetorum* 3, **fuglekongesongar** *Phylloscopus proregulus* 1, **viersongar** *Phylloscopus schwarzi* 1, **brunsongar** *Phylloscopus fuscatus* 1, **dvergflugesnappar** *Muscicapa parva* 1, **toppmeis** *Parus cristatus* 83, **lappmeis**

Parus cinctus 15, **tornskate** *Lanius collurio* 8, **raudhalevarslar** *Lanius isabellinus* 1, **nøttekråke** *Nucifraga caryocatactes* 4, **kaie** *Corvus monedula* 4, **kornkråke** *Corvus frugilegus* 1, **ramn** *Corvus carax* 1373, **stillits** *Carduelis carduelis* 4, **torririsk** *Carduelis cannabina* 38, **polarsisik** *Carduelis hornemanni* 612, **grankorsnebb** *Loxia curvirostra* 123, **furukorsnebb** *Loxia pytyopsittacus* 8, **bandkorsnebb** *Loxia leucoptera* 12, **konglebit** *Pinicola enucleator* 3, **lappsporv** *Calcarius lapponicus* 24, **hortulan** *Emberiza hortulana* 3, **dvergsporv** *Emberiza pusilla* 12, **sibirsporv** *Emb. aureola* 1.

Ringmerkt i Taimyr, Russland 1994 og 1995:

Medlemmer av Sunnmøre Ringmerkingsgruppe har på to ekspedisjonar i Taimyr, Russland, i 1994 og 1995, ringmerkt desse fuglane :

Ubonaya 1994: 131 fugl (Rune L. Holstad, Kjell Mork Soot og Ståle Sætre).

Blodnaya 1995: 21 fugl (Tore Larsen).

Ringgås *Branta bernicla* 1 ad, **stellerand** *Polysticta stelleri* 1 ad, **sandlo** *Charadrius hiaticula* 3 pull + 1 ad, **sibirlo** *Pluvialis fulva* 4 pull, **dvergsnipe** *Calidris minuta* 36 pull + 1 ad, **tundrasnipe** *Calidris ferruginea* 33 pull, **myrsnipe** *Calidris alpina* 4 pull, **lappspove** *Limosa lapponica* 2 pull, **steinvendar** *Arenaria interpres* 12 pull, **polarsvømmesnipe** *Phalaropus fulicarius* 11 pull + 3 ad, **fjelljo** *Stercorarius longicaudus* 4 ad, **rosenmåse** *Rhodostethia rosea* 3 pull, **snøugle** *Bubo scandiaca* 14 pull, **linerle** *Motacilla alba* 4 pull, **fjellerke** *Eremophila alpestris* 1 pull, **lappsporv** *Calcarius lapponicus* 2 pull, **snøsporv** *Plectrophenax nivalis* 12 pull.

GJENFUNN SUNNMØRE RG – 2011

Teiknforklaringar:

pull : **reirunge**

pull (6) : **reirunge, i kull på 6**

1K (=alder) : **ungfugl, dvs. i første kalendarår / leveår.**

2K (=alder) : **ringmerkt i sitt andre kalendarår, dvs klekt året før.**

2K+ (=alder) : **ringmerkt som fugl i andre kalendarår eller eldre.**

F : **hoe**

H : **hekkande**

M : **hann**

ss : **funnen / kontrollert same stad**

x : **funnen død**

xb : **drepen av bil**

xf : **funnen død, fersk**

xif : **funnen død, ikkje fersk**

xg : **drukna i garn**

xh : **fanga i hov og drepen**

xk : **drepen av katt**

xl : **drepen mot elektrisitetslinje eller liknande**

xp : **drepen av ukjent predator**

xr : **drukna i fiskeruse**

xw : **drepen mot vindauga**

xwf : **drepen mot vindauga, fersk**

v : **kontrollert, dvs. ring avlesen, og fuglen sleppt fri.**

vR : **kontrollert av ringmerkar.**

